

# Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Vestland fylkeskommune

Vedtatt av fylkestinget 29. september 2020  
Sist endra av fylkestinget 13. juni 2023, med verknad frå 1. januar 2024.

## Kapittel 1. Innleiande føresegn

### § 1. Formål og verkeområde

Denne forskrifta gjeld inntak til alle offentlege vidaregåande skular og formidling av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar i Vestland fylkeskommune. Forskrifta gir utfyllande reglar og kjem i tillegg til forskrift til opplæringslova kapittel 6 og 6A.

## Kapittel 2. Inntak

### § 2. Inntak etter inntaksområde

- (1) I Vestland fylkeskommune er inntaket geografisk styrt etter inntaksområde. Dette inneber at ein søkar får inntaksområdepoeng til sitt inntaksområde, ut ifrå folkeregistrert adresse.
- (2) Inntaksområdepoeng blir som hovudregel fordelt etter folkeregistrert adresse. Fylkeskommunen gir utfyllande reglar om kva skular og kommunar som inngår i kva inntaksområde.
- (3) Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar om kva tilbod som ikkje inngår i inntaksområda.
- (4) For søkarar til programområde som fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkeskommunen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkarar med ungdomsrett. Sø karen må ha det aktuelle programområdet som sitt førsteønske.
- (5) Søkarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke, blir behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.

### § 3. Inntak til Vg1

- 1) Søkarar må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til Vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular.
- (2) Inntaket blir gjennomført med grunnlag i karakterane frå grunnskulen (karakterpoeng), og eventuelle inntaksområdepoeng.
- (3) Dersom ein søker eit utdanningsprogram/programområde som det ikkje er tilbod om i sitt inntaksområde, får sø karen inntaksområdepoeng til alle skulane i fylket.
- (4) Dersom det er ledige plassar etter at søkarar med inntaksområdepoeng har fått plass,

konkurrerer søkarar utan inntaksområdepoeng etter karakterpoeng.

(5) Dersom søkaren ikkje har nok karakterpoeng til å kome inn på nokon av ønska sine, vil søkaren få tilbod om plass ved andre skular som tilbyr dei ønska utdanningsprogramma.

(6) Søkarar som ikkje fører opp tre ulike utdanningsprogram, kan bli plassert på andre utdanningsprogram.

(7) Fylkeskommunen kan ta inn deltidslevar med ungdomsrett etter at fulltidslevar med ungdomsrett er tatt inn til vidaregåande opplæring.

#### **§ 4. Inntak til Vg2 og Vg3**

1) Søkarar kan prioritere programområde på Vg2 og Vg3 som søkaren er kvalifisert til. Innanfor kvart programområde kan det prioriterast inntil seks skular.

(2) Inntaket blir gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansegivande kurs. Ved innsøking til Vg2 blir karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 blir karakterar frå Vg2 lagt til grunn.

(3) Søkarar som ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på prioriterte programområde og skular, vil bli vurdert til andre programområde som søkaren er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

#### **§ 5. Oppflytting Vg2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram**

(1) Søkarar til Vg2 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

(2) Søkarar til Vg2 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

#### **§ 6. Oppflytting til Vg2 og Vg3 - treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse**

(1) Søkarar til Vg2 treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

(2) Søkarar til Vg3 treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

#### **§ 7. Oppflytting til Vg2 og Vg3 - treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse**

(1) Søkarar til Vg2 treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

(2) Søkarar til Vg3 treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse har rett til å halde

fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er

fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgende år.

### **§ 8. Inntak til Vg1 musikk, dans og drama**

- (1) Inntil 50 % av plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast på grunnlag av ei ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til karakterpoeng.
- (2) Skala for tilleggspoeng blir fastsett av fylkeskommunen. Søkaren får 3 tilleggspoeng om søkaren viser dugleik utover gjennomsnittet. Søkaren får 6 tilleggspoeng om søkaren viser dugleik som vidarekomen og har eit stort potensiale. Søkaren får 9 tilleggspoeng om søkaren viser framifrå dugleik og har eit uvanleg stort potensiale.
- (3) Det er berre søkarar som har Vg1 musikk, dans og drama som sitt førsteønske som kan framstille seg til ferdigheitsprøve. Ferdigheitsprøver blir berre arrangert når det er mange søkarar.

### **§ 9. Inntak til Vg1 idrettsfag**

- (1) Inntil 50 % av plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterium), i tillegg til karakterpoeng.
- (2) Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkeskommunen. Søkarar på regionalt nivå får 3 tilleggspoeng, søkarar på landslagsnivå får 6 tilleggspoeng, og søkarar på internasjonalt nivå får 9 tilleggspoeng.
- (3) Søkarar som ønsker tilleggspoeng må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjonen skal sendast skulen søkaren har som førsteønske.

### **§ 10. Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod**

Søkarar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng.

### **§ 11. Inntak til statlege vidaregåande skular**

Søkarar frå Vestland kan søke statlege vidaregåande skular på linje med søkarar frå andre fylke. Inntaket blir gjennomført på bakgrunn av karakterpoeng.

### **§ 12. Inntak til yrkesfaglege utdanningsløp som leier fram til yrkes- og studiekompetanse**

Inntaket blir gjort på bakgrunn av intervju i bedrift og karakterpoeng. Søkarar må ha avtale med skulen om læreplass i bedrift og ha tilbodet som sitt førsteønske. Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar.

### **§ 13. Permisjon frå vidaregåande opplæring**

- (1) Elevar som har tatt imot skuleplass, men må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret pga. t.d. langvarig sjukdom, svangerskap, militærteneste eller andre sosiale grunnar, kan søke om permisjon frå vidaregåande opplæring. Ved innvilga permisjon vil elevar med ungdomsrett ikkje bruke av retten til vidaregåande opplæring, jf. forskrift til opplæringslova

§ 6-3 andre avsnitt. Eleven vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Eleven må på vanleg måte søke om inntak for etterfølgande skuleår. Det blir tatt atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

(2) Denne føresegna gjeld for offentlege skular og gjeld ikkje for gjesteelevar.

#### **§ 14. Inntak av norske utvekslingslevar**

(1) Norske søkarar med ungdomsrett som er utvekslingslevar ved ein skule i utlandet, skal takast inn på individuelt grunnlag.

(2) Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar.

#### **§ 15. Inntak av deltidselevar til Vg2/Vg3**

(1) Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova §§ 6-28 eller 6-37, kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.

(2) Fylkeskommunen tar inn deltidselevar.

(3) Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselever er tatt inn.

(4) Deltidselevar med ungdomsrett vil bli tatt inn før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plassar kan også søkarar utan ungdomsrett få inntak.

#### **§ 16. Omval og å ta fag på nytt**

(1) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde avsnitt og har halvårsvurdering i fellesfag, kan avtale med skulen at dei ikkje vil ta faget på Vg1 på nytt. For å kvalifisere til vitnemål, må dei ta faget på Vg2.

(2) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde avsnitt og har standpunktkarakterar i fellesfag, kan søke om å få faget godkjent etter forskrift til opplæringslova § 1-16 dersom dei vil behalde standpunktkarakteren og ikkje ta faget på nytt.

(3) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde avsnitt og har standpunktkarakter i fellesfag, kan velje å ta faget på nytt, jf. forskrift til opplæringslova § 3-14 femte avsnitt. Tar eleven faget på nytt skal den siste karakteren som er 2 eller betre førast på vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. forskrift til opplæringslova § 3-44 femte avsnitt. Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde standpunktkarakteren.

#### **§ 17. Søknadsfrist**

(1) Søknadsfristen er 1. februar for søkarar som fell under forskrift til opplæringslova § 6-8 første avsnitt, og 1. mars for elevar som søker seg inn i det ordinære inntaket, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 andre avsnitt.

(2) Søknader frå søkarar med ungdomsrett som kjem inn etter søknadsfristen, vil berre bli behandla i den utstrekning det er mogleg, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 fjerde avsnitt. Det er fylkeskommunen som avgjer dette. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søkaren.

(3) Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane ovanfor.

## § 18. Flytting

(1) For å bli vurdert for rett til inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune må søkarar i utgangspunktet vere folkeregistrert i fylket innan 1. mars.

(2) Søkarar som ikkje er folkeregistrert per 1. mars, og som planlegg å flytte til Vestland fylkeskommune, kan bli vurdert for inntak om dei dokumenterer at den planlagde flyttinga er reell. Dokumentasjon om planlagd flytting må vere motteke av fylkeskommunen innan 23. juni, og søkaren folkeregistrert ved skulestart. Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar om krav til dokumentasjon.

(3) Søkarar som omfattast av overeinskomst om nordisk utdanningsfellesskap, treng ikkje vere folkeregistrert i Vestland fylke innan 1. mars. Desse må likevel vere folkeregistrert ved skulestart.

## § 19. Bruk av retten til vidaregåande opplæring

(1) Søkarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3.

(2) Elevar (fulltidselevar) brukar uansett ikkje av retten dersom eleven sluttar før 1. november. Elevar (fulltidselevar) som sluttar etter 1. november har heller ikkje brukt av retten dersom omfanget av fråværet gjer at opplæringa har utgjort 1/3 eller mindre av timetalet, jf. § 19 nr. 1.

(3) Elevar som går over frå grunnkompetanse til full kompetanse kan etter søknad få utvida retten til vidaregåande opplæring med inntil to år.

## § 20. Frammøte første skuledag

(1) Elevar må møte på skulen første skuledag.

(2) Dersom ein elev blir borte frå skulen første skuledag utan gyldig grunn, mister eleven skuleplassen.

(3) Ved sjukdom eller andre tvingande grunnar pliktar eleven å gi beskjed til skulen snarast mogleg og seinast innan oppmøtetidspunkt første skuledag om at vedkommande ikkje kan møte. Fråværet må dokumenterast.

## § 21. Rektor sin rett til inntak av elevar

(1) Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar før det sentrale inntaksarbeidet er avslutta, eller at dette på annan måte er delegert.

(2) Etter at det sentrale inntaksarbeidet er avslutta blir ansvaret for vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følge ventelistene som er utarbeidd sentralt fram til utgangen av august. Frå 1. september blir inntaket rekna som avslutta.

(3) Når alle søkarar med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkarar etter følgande prioritering:

1. Søkarar med ungdomsrett som ikkje står på venteliste
2. Søkarar med vaksenrett som står på venteliste
3. Søkarar med vaksenrett som ikkje står på venteliste

4. Søkarar med fullføringsrett som står på venteliste
5. Søkarar med fullføringsrett som ikkje står på venteliste
6. Søkarar utan rett som er busett i Vestland fylke kan takast inn etter alle søkarar med rett til utdanning har fått tilbod, og det framleis er ledige plassar.

### **§ 22. Inntak av søkarar busette i andre fylke – gjesteelevar**

Inntaket av søkarar med ungdomsrett busette i andre fylke (gjesteelevar) følger forskrift til opplæringslova § 6-4. Fylkeskommunen skal gi tilbod ved ledig kapasitet, jf. opplæringslova § 13-3 andre avsnitt, etter at søkarar busette i Vestland fylkeskommune er prioritert.

### **§ 23. Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)**

(1) Vilkår for inntak til pre-IB er at søkaren har fullført norsk grunnskule eller tilsvarande. Sjå forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som kan reknast som tilsvarande og korleis det kan dokumenterast.

(2) Søkaren bør minst ha karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5. Søkaren bør òg ha tilstrekkeleg norskkompetanse til å kunne følge undervisninga.

### **§ 24. Rekkefølge ved inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)**

Dersom det melder seg fleire søkarar enn det er plassar, fordelast plassane etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala blir rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå andre utdanningssystem blir vekta mot norsk karakterskala.

## Kapittel 3. Inntak til IB

### **§ 25. Inntak til IB Diploma Programme (IB) – 2IB**

(1) Vilkår for inntak til 2IB er at søkaren har bestått Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserande, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarande. Søkaren må ha minimum 10 års skulegang og ikkje allereie ha fullført vidaregåande opplæring.

(2) For å kvalifisere til inntak bør søkaren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk. Søkaren må i tillegg ha gjennomsnittskarakter på minst 4.

(3) Søkaren kan bli bedd om å ta ein opptaksprøve eller stille til intervju om det er uklart at søkaren er kvalifisert.

(4) Dersom det er fleire kvalifiserte søkarar enn plassar, konkurrerer søkarane etter karakterpoeng. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala blir rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå andre utdanningssystem blir vekta mot norsk karakterskala.

### **§ 26. Inntak til IB Diploma Programme (IB) – 3IB**

(1) Vilkår for inntak til 3IB er at søkaren har bestått 2IB med minimum 20 poeng.

(2) Inntak av søkarar frå andre IB-tilbod («transfer students») blir vurdert individuelt. Karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

(3) Dersom det er fleire kvalifiserte søkarar enn plassar, konkurrerer søkarane etter poeng frå 2IB. Kvalifiserte søkarar som har fullført 2IB i Vestland fylkeskommune, kjem føre andre

søkarar.

### **§ 27. Søknadsfrist, prosess og flytting**

- (1) Søknadsfristen er 1. mars, og søkarar må i utgangspunktet då vere folkeregistrert i Vestland.
- (2) Søkarar som flyttar til Vestland etter 1. mars saman med føresette, kan òg søke. Skuleplassen vil ikkje vere sikra før søkaren har dokumentert at hen har flytta til fylket saman med føresette. Dette gjeld både søkarar busette i andre fylke og i andre land.
- (3) Søknad sendast gjennom VIGO. Søkarar som ikkje kan søke gjennom VIGO, nyttar eget søknadsskjema frå skulen.
- (4) Fylkeskommunen kan gi utfyllande retningslinjer om inntaksprosess og vilkår for inntak.

## Kapittel 4. Inntak til vidaregåande opplæring for vaksne

### **§ 28. Søknadsprosess**

Det er ikkje søknadsfrist for inntaket. Søkaren bør likevel registrere søknaden innan 1. mars for tilbod med oppstart i august, og innan 1. november for tilbod med oppstart i januar.

### **§ 29. Inntaksrekkefølge**

Om det er knapt om plassar, følger inntaksrekkefølga forskrift til opplæringslova § 6-49. Innanfor kvar kategori blir søkarar prioritert etter dato for når søknaden var klar til sluttbehandling.

### **§ 30. Permisjon**

Deltakarar som må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret, t.d. pga. langvarig sjukdom, svangerskap, militærteneste eller andre sosiale grunnar, kan søke om permisjon. Deltakaren vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Det blir tatt atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

## Kapittel 5. Tilbod om spissa toppidrett

### **§ 31. Tilbod om spissa toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen Vest (OLTV) – prosess**

- (1) Inntaket blir gjennomført på ordinær måte, ved at søkaren konkurrerer seg inn på utdanningsprogrammet ved ønskt skule. Søkaren må ha den aktuelle skulen som førsteønske. I søknaden om skuleplass må det kome fram at ein søker spissa toppidrett. Søkaren fyller òg ut eige søknadsskjema og sender til OLTV innan 1. mars.



(2) OLTV vurderer dei idrettsfaglege prestasjonane til søkarane i samsvar med fylkeskommunale retningslinjer. OLTV gir ei anbefaling om kvalifiserte søkarar.

(3) Fylkeskommunen avgjer kven som får tilbod om spissa toppidrett, forutsett at søkaren får skuleplass ved skulen.

### **§ 32. Omprioritering av søknad**

Søkarar som ikkje får tilbod om spissa toppidrett får moglegheit til å omprioritere søknaden om skuleplass.

## Kapittel 6. Formidling

### **§ 33. Søknad om formidling til læreplass**

(1) Fristen for å søke formidling til læreplass er 1. februar for lærekandidatar og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 6A-4.

(2) Søknader frå søkarar med ungdomsrett vil etter søknadsfristen bli behandla manuelt så langt råd er. Søknaden skal grunngivast. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søkar.

(3) Søknader frå søkarar utan rett blir ikkje behandla av fylkeskommunen etter søknadsfristen. Søkaren skal ha skriftleg melding om å kontakte aktuelle bedrifter direkte.

### **§ 34. Formidling**

(1) Alle søkarar blir formidla til lærebedrifter når søknadsfristen har gått ut. Etter 1. august blir søkarar som ikkje har ungdomsrett og søkarar med ungdomsrett som ikkje er kvalifiserte, tatt ut av formidlingslistene.

(2) For å vere kvalifisert må søkarar oppfylle vilkåra i forskrift til opplæringslova § 6A-1 tredje eller fjerde avsnitt. Søkarar til læreplass som lærling har normalt faglege føresetnader for inntak til neste trinn når fellesfaga og programfaga på Vg1 og Vg2 er bestått, eller søkaren har karakteren 1 i inntil to fellesfag.

### **§ 35. Alternativ slutt opplæring Vg3 i skule**

(1) Søkarar som ikkje har fått læreplass innan 1. september vil få tilbod om Vg3 i skule. Tilbod om Vg3 i skule blir gitt i eit fag på Vg3 som bygger på det programområdet på Vg2 som søkaren har gjennomført. Søkaren må vere kvalifisert i samsvar med § 34 nr. 2.

(2) Søkarar som har takka nei til tilbod om læreplass, har ikkje rett til tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule.

### **§ 36. Bruk av retten til vidaregåande opplæring**

(1) Lærlingar og lærekandidatar bruker ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3.

(2) Som hovudregel (2+2-modellen) har ikkje lærlingar og lærekandidatar brukt av retten dersom dei sluttar innan 8 månader etter at lærekontrakt/opplæringskontrakt er inngått.

(3) Ved einssidig heving etter 1/3 av lære-/opplæringstida gjer fylkeskommunen ei vurdering av bruk av rett i samband med vedtaket om heving.

(4) Ved einigheit om heving etter 1/3 av lære-/opplæringstida, kan lærlingen/lærekandidaten søke om at hen ikkje har brukt av retten. Søknaden må grunngivast og innvilgast ved tungtvegande grunnar.

### **§ 37. Avviksfag – fag med opplæringsløp der læretida berre inneheld verdiskaping**

Søkarar med opplæringsrett til læreplass i lærefag som berre inneheld verdiskaping, og som ikkje får tilbod om læreplass innan 1. september, skal få tilbod om å meldast opp til fagprøve av skulen. Dette gjeld lærefaga automatiseringsfaget, dataelektronikarfaget og anleggsmaskinmekanikarfaget.

## Kapittel 7. Felles føresegner

### **§ 38. Mindre endringar i forskrifta**

(1) Fylkesdirektøren har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.

(2) Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine vilkår for inntak til bestemte tilbod, skal likevel endringane behandlast politisk.

### **§ 39. Delegering av ansvar**

Fylkesdirektøren har mynde til å delegerare ansvar i denne forskrifta.

### **§ 40. Ikraftsetjing**

Forskrifta tar til å gjelde 1. januar 2021. Samtidig blir forskrift 23. mai 2019 nr. 2152 om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Vestland fylkeskommune oppheva.